**Pensjonistforbundet**
Sogn og Fjordane





# Sumartreff i Balestrand 13. og 14. juni 2024



## Program:

**(sjå meir informasjon om programmet lenger bak)**

**<u>Torsdag 13. juni</u>**

Kl. 1400 Kulturhistorisk vandring med Bjørg Bjøberg langs Kong Beles veg – Villavegen, inkl. omvising i St. Olafs-kyrkja. Transport tilbake om det trengs. (Varigheit ca. 2 t.)
Påmelding til 915 17 545 innan 7.juni.



Kl. 1730 Kviknes hotell - Konsert med musikarane
**Dora David** og **Kristine Nørbæk**
(Varigheit ca. 1 t)
Open for alle. Inngangspengar kr. 100,-

Kl. 1900 Middag på hotellet – i spisesalen eller i bistroen Balholm Bar. De betaler til hotellet.

Kl. 2100 Kviknes hotell – Pianokonsert- Romantiske impulsar med
**Frode Skag Storheim**
Open for alle. Inngangspengar kr. 100,-

## Fredag 14. juni




Kl. 0700 Frukost for morgonfuglane

Kl. 0830 Guida tur i skogsstiar ovanfor sentrum
Frammøte ved Sagatun skule



Kl. 1000 Morgonsamling i St. Olafs-kyrkja
Historia om kyrkja og samsong

Kl. 1000 Ope på Ciderhuset – for dei som ynskjer å sjå og handle eller smake på cider



Kl. 1100 Ope på Norsk Reiselivsmuseum

Kl. 1130 – 1200 På hotellet – Taffelmusikk ved
pianist **Frode Skag Storheim**

## Kl. 1200 Sumartreffet startar - i Kviknesalen

Opning ved rep. frå Balestrand pensjonistlag

Kl. 1205 Song

Kl. 1210 Helsing ved fylkesleiar i Pensjonistforbundet - **Nils R. Sandal**

Kl. 1225 Song

Kl. 1230 **Bjørg Bjøberg** : Kunsthistorisk vandring i naturperla Balestrand

**Kl. 1300 Middag i spisesalen**

Kl. 1500 Helsing frå leiar i Pensjonistforbundet - **Jan Davidsen**

Kl.1520 **Frode Skag Storheim**: På veg mot ein biografi –
om målaren Hans Dahl som levde og virka i Balestrand

Kl. 1550 Song

Kl. 1555 Takk og vel heim

**Kl. 1600 Slutt**



## INFORMASJON TIL DEI SOM VEL Å KOMME TIL BALESTRAND TORSDAG 13. JUNI

| | |
|---|---|
| **KUNSTHISTORISK VANDRING MED BJØRG BJØBERG**  | Velkommen til ei vandring langs strandavegen i bygda. Vi startar i sentrum, går ut langs fjorden med fine stoppestader undervegs. Vi 'møter' folk som budde her litt tilbake i tid - ferdafolk som kunstnarar og turistar som vitja bygda. Nokon slo seg ned her og alle fann dei noko spesielt som knytte dei til bygda. Dei sette farge og preg på bygda, er ein del av identiteten til Balestrand. Drakestilvillaene er eitt av mange døme. Undervegs går vi inn i St. Olafs Kirke, Engelskkyrkja, set oss ned og medan de tar ein kvil, vil eg gje historien om menneske og hendingar som gjorde bygginga av kyrkja til ein realitet. Det er historiesus over vakre Balestrand. Eg gleder meg til ein tur med dykk, om det regnar, blæs eller om sola skin! |
| **CIDERHUSET**  | Ciderhuset ligg i ein frukthage etablert i 1922 og tek i mot gjester som vil bli kjende med cider og anna fruktdrikke frå Balholm. Det er tilbod om cidersmaking med formidling og 5 smakar av cider og litt snacks. Det kostar kr 505 pr person og varer 1,5 timar. Ciderhuset kan også tilby ein litt kortare versjon, ca. 1 time og tre smakar av cider - om det er interesse for det. Kr 350 pr person. Elles er butikken open 14. juni om nokon berre vil besøke butikken og kjøpe cider og anna fruktdrikke. |
| **NORSK REISELIVSMUSEUM**  | Norsk Reiselivsmuseum er eit av svært få museum på verdsbasis som tematiserer utviklinga av moderne turisme. Museet presenterer norsk reiselivshistorie, der Balestrand har spelt ei viktig rolle |
| **ST. OLAVS-KYRKJA**  | Den engelske kyrkja i Balestrand er bygd som ei etterlikning av ei stavkyrkje. Kyrkja, som har 95 sitjeplassar, vart vigsla 18. juli 1897.<br>Det var Margaret Sophie Green, gift med Knut Kvikne, som hadde ideen til kyrkja. Arkitekt Jens Zetlitz Kielland laga teikningane.<br>St. Olafs kyrkje er anglikansk og er eigd og driven av Church of England. |
| **DORA DAVID (fløyte) KRISTINE NØRBÆK (piano)**  | **Torsdag kl. 1730 (på hotellet)**<br><br>Konsert (Piano og fløyte): Nordisk musikk |
| **PIANIST FRODE SKAG STORHEIM**  | **Torsdag kl. 2100 (på hotellet)**<br><br>Pianokonsert : Romantiske impulsar |